



Arkivnr: 2014/560-313

Saksbehandlar: Ingeborg Strandberg

Saksframlegg

Saksgang

Utvål	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval		15.06.2018

Nettverkssamling 2018 - tema og invitasjon

Samandrag

Nettverkssamling 2018 er sett til 3.-4. november. Nettverkssamlinga vert heldt kvart år og målgruppa er ungdomsråda i Hordaland. Tidlegare var det 2 personar frå kvart ungdomsråd, eller to engasjerte ungdommar frå kommunar utan ungdomsråd, men i 2016 vart det utvida til 3 personar. Talet på personar frå kvar kommune vil potensielt kunne påverke talet på deltakarar og kostnadane for arrangementet. Eigenandelen har vore 1500 kr dei siste åra, men det dekker ikkje heile kostnaden, så Ungdommens fylkesutval dekker det som går over.

Ungdommens fylkesutval vel tema for nettverkssamlinga og kjem med innspel på program og innleiarar. Aktuelt tema i år er gjerne samanslåinga med Sogn og Fjordane. Sjølv om Ungdommens fylkesutval må kome med eit forslag til korleis dei meiner ungdomsmedverknadsorgan for unge skal vere etter 2020 før nettverkssamlinga kan aktuelle tema vere til dømes:

- Korleis skal det nye medverknadsorganet vere knytt til ungdomsråda?
- Kva tankar har ungdomsråda om det nye medverknadsorganet?
- Er det nokre innspel til korleis det nye ungdomsrådet bør fungere, som ikkje allereie har vore diskutert?
- Informasjon til ungdomsråda om prosessen og forslaget som ligg til grunn.
- Kanskje nettverkssamlinga kan verte heldt saman med Sogn og Fjordane?
- Aktuelle innleiarar er kanskje leiar for dei to ungdomsråda i Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag i samanslåingsprosessen dei hadde?

Mobbeombodet ønskja å vere til stade på nettverkssamlinga. Ønskjer Ungdommens fylkesutval det, og i så fall i kva grad? Som innleiar, gjest, debattant, osb?

Ungdommens fylkesutval må i denne saka vurdere:

- Tema til nettverkssamlinga
- Særskilte innspel på stad for nettverkssamlinga
- Eigenandel for deltakarane
- Tal på personar frå kvar kommune

Vedlagt finn de forslag til invitasjon. Det som er markert i gult er ikkje avklart enno. Invitasjonen bør helst gå ut før sommaren, eller rett etter sommaren, slik at ungdomsråda har tid til å halde av datoene og finne aktuelle deltakarar.

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Bertil Søfteland
leiar

Ingeborg Strandberg
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.